

Sak til samarbeidsutvala

Går til: Medlemmane i Samarbeidsrådet
Dato: 08. mars 2022
Sakshandsamar: Samarbeidssekretariatet (SSE)
Saka gjeld: Framdrift for arbeidet med etablering av helsefellesskap og forslag til sluttprosess
Saksnummer: 10/22

Bakgrunn

Det vert vist til vedlagte reviderte framdriftsplan for etablering av helsefellesskap i Helse Bergens føretaksområde.

I samband med at Toppleiarmøte for 2022 er utsett til 6. april, har arbeidsgruppa for etablering av helsefellesskap gjort naudsynte endringar i framdriftsplanen. Dette for å kunne halde fast ved målet om endeleg handsaming av *revidert overordna samarbeidsavtale* i kommunane og spesialisthelsetenesta før sommaren.

Føresetnaden for å kunne rekke handsaming i kommunestyra er at utarbeiding av forslag til *revidert overordna samarbeidsavtale* er ferdig innan april.

I maimøta 2021 gav SU Bergensregionen, SU Bergen og SR Voss arbeidsgruppa eit mandat om å utarbeide og leggje fram eit forslag til *revidert overordna samarbeidsavtale* med målsetjing om etablering av helsefellesskap i føretaksområdet. Kommunane i SU Norhordland slutta seg til mandatet og arbeidet i august 2021.

Drøfting

Utsetjinga av Toppleiarmøte 2022 har implikasjonar for sluttprosessen. Samarbeidsutvala har ikkje nytt møte etter Toppleiarmøte før mai. Dersom målet om endeleg handsaming av revidert overordna samarbeidsavtale før sommaren 2022 skal nås, må arbeidsgruppa for helsefellesskapet få utvida mynde frå samarbeidsutvala/-rådet til å godkjenne det endelege avtaleutkastet (etter Toppleiarmøtet) før det vert sendt til handsaming hos avtalepartane.

Det vert lagt opp til god involvering av partane gjennom ein felles innspelsrunde som startar måndag 14. mars.

Forslag til vedtak:

Samarbeidsrådet tek saka til orientering og gjev arbeidsgruppa mandat til å godkjenne endeleg avtaleutkast før det vert sendt ut til partane for handsaming.